

Krav til tenesta, skildring av vaktordninga og vilkår

KRAV TIL TENESTA, SKILDRING AV VAKTORDNINGA OG VILKÅR

Krav til tenesta

Veterinærane i vaktordninga pliktar å utføre tenesta i tråd med dei krav som er stilt til veterinærar i lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærar og anna dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven).

Deltakar i veterinærvakta som har vakt, skal vere tilgjengeleg, vere budd til, og syte for utan ugrunna opphald:

- a) å oppfylle hjelpeplikta etter dyrehelsepersonelloven § 14,
- b) å yte slik veterinærhjelp som bør ytast innanfor det området vakta omfattar før neste kvardag av dyrehelse-, dyrevern- eller næringsmessige omsyn, og
- c) å skjømte offentlege interesser, under dette å utføre frivillige eller pålagte enkelttenester for det offentlege mot avtalt godtgjering.

Deltakar i veterinærvakta som ikkje har vakt og som ikkje tek oppdraget sjølv, skal sikre at alle førespurnadar vert vist til vakthavande veterinær. Deltakar i veterinærvakta som ikkje har vakt, er på lik linje med andre veterinærar underlagt føresegnene om naudhjelp i dyrehelsepersonelloven § 14.

Fordeling av vakter vert fastsett av ein av veterinærane som deltek i vaktordninga, med vederlag etter avtale. Ullensvang kommune som til ei kvar tid har ansvaret for veterinærvaktordninga, har ansvaret for avtale med veterinær som skal utføre denne oppgåva.

Skildring av vaktordninga og krav til veterinæren

Vaktordninga krev at det er inngått minimum 3 vaktavtalar for å få ei føremålstenleg fordeling av vakter. Prisen for vakttenesta er fast, den vert årleg sett frå Landbruksdepartementet. Stimuleringstilskot vert søkt frå Statsforvaltaren kvart år, og fordelt etter tildelingsbrev. Det er vedteke eit driftstilskot frå kommunen, sjå skildring under.

Veterinærvakta vert organisert i vaktområder. Veterinærvakta skal omfatte alle tider av døgeret med unntak av kvardagar (måndag – fredag) kl. 08 – 16.

Indre Hardanger vaktistrikt skal til ei kvar tid vere bemanna med ein veterinær på vakt i vaktperioden. Ingen kan forlate vakta før ny vakt er på plass.

Vaktistriktet avgjer talet på deltakarar i vaktordninga, likevel slik at ein søker å oppnå at vaktbelastninga skal vere forsvarleg.

Veterinæren som sett opp vaktlista skal setja opp ei liste som dekkjer minst ein kalendermånad fram.

Deltakarane i veterinærvakta skal senda inn vaktrapport seinast to veker etter utløp av kvar kalendermånad.

Deltakar i veterinærvakta skal varsle kommunen dersom han/ho ikkje lenger fyller vilkåra for deltaking

Nærare om vaktperiodar, vaktbemanning og byte av vakter

Ved inngåing av avtale vert det etablert fylgjande rettleiande vaktperiodar og bemanning av desse, som er lagt til grunn for utrekning av ressursfordelinga:

1. Kvardag, kveld: kl. 16.00 – 22.00
2. Kvardag, morgon: kl. 06.00 – 08.00
3. Laurdag, sundag, heilag- og høgtidsdag, dag og kveld: kl. 06.00 – 22.00
4. Alle dagar, natt: kl. 22.00 – 06.00

Fordeling av vakter vert fastsett i eit samarbeid mellom veterinærane i ordninga.

Veterinærane i vaktordninga skal sjølv syte for vikar dersom dei ikkje har moglegheit til å ta den vakta dei er sett opp med.

Ordninga føreset eit godt samarbeid mellom veterinærane. Det vert her vist til kontrakten sitt krav til samarbeid, og konsekvensar av manglande samarbeid.

Krav til utstyr og bil

Tilbydar må sjølv disponere utstyr som er naudsynt for å utøva tenesta som skildra i punkt over.

Tilbydar må sjølv disponere bil som er eigna for tenesta.

Tilbodet skal innehalda ei erklæring om at utstyr og bil som omtalt over er disponibelt på tidspunktet for undertekning av kontrakt.

Krav til uttrykkingstid

For at veterinærvaktordninga skal kunne gjennomførast forsvarleg, vert det sett krav til at veterinæren oppheld seg i eller i nærleiken av vaktområdet i vaktperioden.

Normalt skal det vere mogleg for veterinæren å nå alle delar av vaktområdet innan 3 timar i arbeidstid.

Skildring av driftstilskotsordning

Det var i dei tidlegare kommunane innført driftstilskot frå 01.01.2017 for å stimulera veterinærnæringa i distriktet. Denne ordninga vert gjeldane i Ullensvang kommune slik den var vedteken (sak 128/2017 U.H og sak 89/17 O.K), i samsvar med periode på kontraktane frå 01.01.2020.

Driftstilskotet frå kommunane er tildelt med fylgjande to krav til veterinærane;

- 1) deltaking i vaktordninga og 2) tilknytning til dagpraksis i området.

Då det er ein avgrensa marknad i distriktet har Hardanger Dyreklinikk AS som etablert praksis eit ansvar for tilknytning til dagpraksis.

Tilskotet til kvar av dei som oppfyller krava i perioden fram til og med 31.12.2027 er kr. 30 000,- per månad.

Tilskotet skal utbetalast den 12. kvar månad, med unntak - dersom det føreligg særskilde årsaker til forseinking.

Dersom ein veterinær i ordninga ikkje kan dekkje vaktene sine, kan den som dekkjer vakta krevje ein part av driftstilskotet, omrekna til kroner per vakt. Dette må avtalast og fakturerast mellom veterinærane.

For at kvar veterinær som har kontrakt med kommunen skal yte til å stetta sitt krav om å dekkje vaktene må dette i praksis gjerast på fylgjande måte:

- Vaktbyte: må avtalast seinast innan måndagen før endringa skal skje, og gjelda for minst 2 veker om gongen. Dette for å ha ein vaktplan som dekkjer alle vaktene, og som er føreseieleg for alle i vaktordninga.
- Vikar for vakter: Avtale med vikar som ikkje er omfatta av vaktordninga kan avtalast fritt så lenge vikaren er autorisert, og det må sendast melding til den som fører vaktlistene.
- Permisjon: Ved løyvd permisjon vert det inngått avtale med veterinær som skal vikariere og dekkje vaktene til den som har permisjon. Dette er det vaktområdet v/kommunen som har ansvar for. Driftstilskotet vert i perioden for permisjon betalt til den som vikarierer. Permisjon kan løyvast med inntil eitt år - samanhangande, i kontraktperioden. Ein har i permisjon heller ikkje rett på midlar frå stimuleringstilskotet.